



Sogn Regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14

Helse Førde
v/styreleiar Clara Øberg

6807 FØRDE

Sakshandsamar: Norunn Haugen , tlf: 57 62 96 14

Vår ref
07/1508-1

Eining/avd/
SOGN/REG

Arkiv

Dykkar ref

Dato
19.06.2007

SOMMARSTENGING AV FØDESTOVA I LÆRDAL - FRÅSEGN FRÅ SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd gjorde vedtak om fråsegna på møtet i Sogn regionråd 15. juni. Sogn regionråd ber om at fråsegna blir referert på styremøtet i Helse Førde fredag 22. juni.

Sogn regionråd set pris på at helse- og omsorgsministeren set ein stoppar for helseføretaka sine planar om stenging av fødestover der det einaste føremålet er å spare pengar. Meldinga frå helse- og omsorgsministeren burde likevel ha kome på eit langt tidlegare tidspunkt - no er det for seint å hindre sommarstenging i 2007.

Alt i januar 2007 gjorde Helse Førde vedtak om at fødestova i Lærdal skulle haldast stengd i sommarferien og i jule- og nyttårshelga. Stenginga er eit reint innsparingstiltak. Ein kan ikkje skulde på personellmangel, jordmødrene som var tenkt å skulle arbeide i Lærdal i sommar, er flytta over til Førde Sentralsjukehus.

Det bør også vere ei kjend sak at Helse Førde gjennomførde tilsvarande stengingar i 2006.

Ved å foreta periodevise stengingar av fødestova i Lærdal skyv Helse Førde kostnadane over på kommunane. Det må etablerast følgjeteneste som elles ikkje ville ha vore nødvendig. Stenging av fødestova i Lærdal sommaren 2007 påfører kommunane Lærdal og Årdal auka utgifter i storleiksorden 100.000 kr. Ei eventuell stenging i jule- og nyttårshelga vil auke kostnadene tilsvarande. Vi føreset at helseministeren ser til at utgiftene til ekstraordinær følgjeteneste vert dekkja av Helse Førde.

Sogn regionråd vil peike på at periodevise stengingar av fødestover står i motsetnad til målet om å sikre eit desentralisert fødetilbod med stabil bemanning, kontinuitet og høg kvalitet. Stenging av fødestover skapar stor uvisse hos dei fødande.

Regionrådet føreset vidare at Helse Førde sine planar om ytterlege stengingar i 2007 vert skrinlagde.

Med helsing

Olav Lunden
Leiar i Sogn regionråd

Norunn Haugen
spesialkonsulent

Vedlegg:

Kopi til: Helse Vest, Helse- og omsorgsminister, media